



KNARVIKLOFTET AS  
Knarvik Senter  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/28 - 17/28927

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2017

## Etterlyser tømmeavtale mellom Knarvikloftet As og tømmefirma - gbnr 188/348 Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til møte/tilsyn på Rådhuset i Knarvik torsdag 13.07.2017.

Knarvikloftet AS vart kalla inn til møte/tilsyn på grunnlag av manglande innsending av årsrapport for anlegg – driftsår 2016. I møtet la Knarvikloftet AS fram dokumentasjon på at det for - driftsåret 2016 - vart utfør 3 tømningar av anlegg. Knarvikloftet AS kunne ikkje legge fram dokumentasjon på at det er utført logging av temperatur i anlegg. Det er heller ikkje teke prøveanalyse av utsleppsvatnet.

I tømmer rapportene er det ikkje opplyst kor mykje fett som er tømt. Motteke dokumentasjon gir ikkje nok grunnlag for å kunne vurdere anlegget sin funksjon og om anlegg stettar krav til utslepp. I samband med mangelfull dokumentasjon, ber vi Knarvikloftet AS om å sende inn kopi av tømmeavtale med tømme firma. Tømmeavtalen skal innhelde minimum **3 tømninger** og minst **2 temperaturlogg** per år. Logging av temperatur skal utførast over 3 døgn og rett før tømning av anlegg. Anlegg skal ha maks produksjon ved logginga. Det betyr at bedriften ikkje kan utføre logging helligdager, søndager og måndager. Dersom det er tilrettelagt for prøvetaking av utsleppsvatn skal det takast minst **1 analyseprøve av utsleppsvatn** per år.

### Kva gjer kommunen ved manglande rapportering

Ved manglande rapportering av anlegg vil kommunen i første omgang ha ei tett oppfølging av anlegg. Abonnementen/eigar av anlegg er ansvarleg for skader eller ulemper han ved forsett eller uaktsomt påfører offentlig avløpsanlegg. Har eigedommer felles leidningar, er alle eigarane solidarisk ansvarleg for dei plikter som desse fastsettingane pålegg abonnenten.

Ber om at kopi av tømmeavtale sendast inn omgåande.

*Teknisk drift, VVA, har heimel til å føre tilsyn med anlegg etter forureiningsforskrifta § 15A-2, «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak (løyve til å kople utskiljaranlegg på kommunalt leidningsnett). Kommunen skal, ved krav om rapportering og ved tilsyn, påse at bedriftene følgjer dei føresegnene som er gitt etter forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak for utskiljaranlegg.*

Med helsing



Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

KNARVIKLOFTET AS

Knarvik Senter

5914

ISDALSTØ